

PROTOKOLL

MØTE I LEVELD, TORPO OG ÅL SOKNERÅD 19.10.2022 kl.17:00-19:00 – ÅL KYRKJESTUGU

Tilstades: Einar Brattegard, Birger Bolstad, Wenche Smestad, Liv Margit Sørbøen, Geir Wiknes, Torfinn Slåtto, Anne Kjersti Frøyen, Arild Ø Hansen, Jorun T Gurigard

Forfall: Else Karin Veslegard

Opning v/Liv Margit: Ein nådefull relasjon

Saknr.		Ansvar
58/22	Godkjenning av innkalling og protokoll Ingen merknadar til innkalling, sakliste eller protokoll frå førre møte. Val av nominasjonskomite kjem inn under Eventuelt.	
59/22	Gudstenesteplan første halvår 2023 Planen vart lagt fram og vart vedteke med følgende endringar: <ul style="list-style-type: none">Nystølkyrkja langfredag blir flytta til palmesundag.Gudstenesta i Ål palmesundag blir flytta til kveld.	Staben
60/22	Kyrkjebladet Økonomien til kyrkjebladet er dårleg. Kan det vera aktuelt å ta inn støtteannonser? Utgiftene for fire nummer kan bli om lag 120.000,- dette året. Frivillige bladpengar ligg på om lag 35.000,-. Soknerådet meiner at kyrkjebladet er viktig å oppretthalde. Kan det vere noko potensiell innsparing i færre nummer? Kanskje me ikkje kan gå lågare enn fire nummer. Det vart stilt spørsmål ved om det er rett at det er fellesrådet som betalar for kyrkjebladet når det er sokna sitt organ. Me bør undersøke om utgiftene våre til produksjon og distribusjon er høgare enn andre stader i Hallingdal. Soknerådet er ikkje prinsipielt motstandar av annonser i kyrkjebladet, men dette bør i utgangspunktet vere støtteannonser utan logo. Soknerådet ynskjer at AU saman med kyrkjevevja og evt leiar i fellesrådet arbeider vidare med denne saka. Det er berre to i redaksjonen etter at Arne Jensen slutta, og dette er for lite. Birger og Liv Margit får fullmakt til å spørje aktuelle kandidatar.	AU Kyrkjevevje Birger Liv Margit
61/22	Ungdomsarbeid i kyrkjestugu Det er eit forslag om å ha open kyrkjestugu for ungdom måndagskveldar. Gjerne med tilbod om eit enkelt måltid som kan kjøpast for ein billig penge. Dette kan vere ei satsing som krev forholdsvis lite ressursar, og soknepresten er motivert til ei slik satsing. Eit alternativ kan vere å ha slike samlingar i samarbeid med Kafe Tid, men det er gode argument for å halde på kyrkjestugu mellom anna for å bygge ned terskelen til kyrkjeområdet for ungdomane. Det bør kjøpast inn noko utstyr som t.d. spel og rådet opnar for å nytte gjevarkontoen for ungdomsarbeid til dette. Soknerådet støttar opp om initiativet og ber soknepresten om å arbeide vidare med dette. Dei tre sokna deler det økonomiske ansvaret (50-25-25), men soknerådet ber om å bli halde orientert om økonomien i prosjektet.	Geir W
62/22	Open kyrkje helgemessesundag 06.11.22 Ål kyrkje bør vere open sundagen frå kl 11 og til etter kyrjekaffien. Torpo og Leveld kyrkje bør vere opne etter gudstenesta, utan å spesifisere eit stengetidspunkt.	
63/22	Ofringar 1.halvår 2023 Saka blir utsett til neste møte, og soknerådet vil gjerne ha ein prinsippdrøfting rundt fordeling av offerføremål.	

64/22 Kyrkjekaffi 1.halvår 2023

Blir utsett til neste møte.

65/22 Meldingar

Ingen

66/22 Nominasjonskomitear

Ål: Kjell Storhaug, Siv Sylvarnes, Bjarne Thoresen, Liv Margit Sørbøen, Einar Brattegard

Torpo: Wenche Smestad, Birger Bolstad, Vigdis Vedvik Gåsterud

Leveld: Inger Elise Kaslegard, Arvid Bjørke, Torfinn Slåtto

Neste møte: 23.nov kl 17:00

Referent: Torfinn Slåtto